

Statsforvaltaren i Vestland

Bergen, 25. august 2023

Dette innspillet sendes på vegne av BirdLife Norge avd. Hordaland og Naturvernforbundet Hordaland.

Fv. 561 Kolltveit–Ågotnes: Statsforvaltaren i Vestland sitt opphevingsvedtak av 29. juni 2023

Uttale frå Forum for natur og friluftsliv Hordaland

Den 29. juni 2023 oppheva Statsforvaltaren i Vestland sitt eige opphevingsvedtak av 22. juni som gjaldt reguleringsplanen for fylkesveg 561 Kolltveit–Ågotnes, sidan den aktuelle reguleringsplanen utgjer ein liten del av det juridiske grunnlaget for Sotrasambandet, som no er under bygging. Bygginga av Sotrasambandet krev naturleg nok ein gyldig reguleringsplan, så vi har forståing for det aktuelle opphevingsvedtaket.

I samband med det siste opphevingsvedtaket står det at eventuelle innspel i saka kan sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan 28. august 2023. Forum for natur og friluftsliv (FNF) Hordaland sender her vår uttale.

Oppsummert meiner me at denne «floka» enkelt kan løysast ved å dela den aktuelle reguleringsplanen i to delar, der den ein delen heilt i søraust – som dannar ein mindre del av det rettslege grunnlaget for Sotrasambandet – *ikkje* blir oppheva, mens den andre delen, som då *ikkje* utgjer noko rettsleg grunnlag for Sotrasambandet, då *blir* oppheva.

Den delen som blir verande gyldig, utgjer ein svært liten del av den aktuelle reguleringsplanen, og denne delen av reguleringsplanen var heller *ikkje* relevant for den klagen som me sendte til Sivilombodet – der ombodet i stor grad altså støtta vårt syn om at reguleringsprosessen og reguleringsvedtaket *ikkje* har vore i tråd med naturmangfaldlova.

Det kan *ikkje* vere slik at Statsforvaltaren i dette tilfellet skal sjå vekk frå brot på naturmangfaldlova fordi ein liten del av den aktuelle reguleringsplanen utgjer det juridiske grunnlaget for det påbegynte Sotrasambandet; særleg *ikkje* når brota som det er vist til, *ikkje* gjeld den delen av reguleringsplanen som no altså dannar det rettslege grunnlaget for ein mindre del av Sotrasambandet.


Å setje ei ny grense plangrense, som tek omsyn til Sotrasambandet, er ei enkel og lite ressurskrevjande løysing, som vil ta naudsynte omsyn til begge sider av saka.

Dei naturverdiane som me – og Sivilombudet – meiner det ikkje har vore nok kunnskap om, og som det difor ikkje heller har blitt tatt omsyn til, gjeld *kystlynghei* (sterkt truga og utvalt naturtype), *hubro* (sterkt truga) og *potensielt truga myrområder*. Ingen av desse naturverdiane ligg i den delen av planen som no er med på å danne det rettslege grunnlaget for Sotrasambandet.

Det er i denne saka utan tvil snakk om ***natur av nasjonal og vesentleg regional verdi***, som skulle vore vurdert i reguleringsprosessen, men som altså ikkje har vore verken kartlagt, vurdert eller tatt omsyn til i reguleringsprosessen. Me meiner difor at det er sjølvsaugt at dette må rettast opp i, i den vidare behandlinga av saka.

I den søraustre delen av reguleringsplanen – der Sotrasambandet kjem inn i bildet – virkar det som at naturverdiane både har vore kartlagde og vurderte i reguleringsprosessen – og me fann difor ingen grunn til å rette noko klage mot vurderingar som gjeld denne delen av reguleringsplanen – jamfør klagen vår til Sivilombudet.

Til slutt kan me ta med at ordførar i Øygarden kommune, Tom Georg Indrevik, også gav uttrykk for at ei oppdeling av den aktuelle reguleringsplanen var måten å løysa dette på, då underteikna og Indrevik diskuterte saka den 29. juni i samband med at NRK Vestland laga ei nyheits sak om temaet.



Figur 1. Planen (PlanID 124620150014) som er grunnlag for vår klage til Sivilombudet, er her markert. Det er heilt i søraustre del at planen (om lag der det står «Kolltveit») utgjer det juridiske grunnlaget for Sotrasambandet som no er under bygging. Planen trådte i kraft 12. desember 2019, men har

etter det vore gjenstand for klagebehandling både sjå kommunen, Statsforvaltaren og Sivilombodet.
Kjelde: Kommunekart.com.

Vennlig hilsen,

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland

v/ koordinator Gunvar Mikkelsen

Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland er et samarbeidsforum for natur- og friluftsansjasjoner i Hordaland, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftsansjessene. Per i dag er det elleve ansjasjoner tilsluttet FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag (DNT), Naturvernforbundet Hordaland, Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, BirdLife Norge avd. Hordaland, Hordaland fylkeskystlag, Norsk Botanisk Forening Vestlandsavdelingen, Syklistenes Landsforening Bergen og omegn, Voss Utferdslag (DNT), Voss Kajakklubb og Hordaland krins av Norges Speiderforbund. Sammen representerer ansjasjonene rundt 40 000 medlemmer.

